



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Dykker ref

Vår ref

Dato

22/870-43

1. mars 2024

## Utgreiing av grensejustering - Ålesund og Aukra kommunar

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 21. desember 2022 med tilråding om å greie ut grensejustering av øyane Ona, Sandøya og Gåsøya frå Ålesund kommune til Aukra kommune, på bakgrunn av eit initiativ frå innbyggjarar på øyane etter inndelingslova § 8. Statsforvaltaren har sendt saka til departementet for avgjerd, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

Dei to kommunane saka gjeld, har uttala seg. Aukra kommune ga uttale 17. november 2022 og stiller seg positiv til at utgreiinga vert set i gang. Ålesund kommune ga uttale 1. desember 2022 og viser til at spørsmålet om grensejustering for øyane var gjennom ei grundig utgreiing for få år sida og at dei ikkje kan sjå at det kjem fram opplysningar i søknaden som gir grunnlag for å starte ei ny utgreiing av grensejustering.

Statsforvaltaren tilrår at det vert sett i gang ei grensejustering med bakgrunn i initiativet. Statsforvaltaren anbefaler samtidig at utgreiinga ikkje vert sett i gang før etter 1. januar 2024 av omsyn til det pågåande arbeidet med å gjennomføre delinga av Ålesund kommune.

På bakgrunn av innbyggjarinitiativet og statsforvaltaren si tilråding, ber departementet Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering mellom Ålesund og Aukra kommunar, for områdene Ona, Sandøya og Gåsøya. I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gi ei tilråding. Departementet ber om at utgreiinga blir oversendt innan **15. oktober 2024**.

### Om arbeidet med utgreiinga

Utgreiinga skal gi opplysningar om relevante høve som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestilbodet.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.kdd.dep.no](http://www.kdd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Lise Wilhelmsen  
22 24 71 99

Kommunale og andre offentlege etatar skal gi naudsynte opplysningar og i rimelig høve medverke ved saksførebuinga, på statsforvaltaren si oppmoding, jf. inndelingslova § 9 tredje ledd.

Ålesund og Aukra kommunar skal få uttale seg i saka, jf inndelingslova § 9 fjerde ledd.

Utgreiinga bør innehalde innbyggjaranes syn på ei slik grensejustering, jf. § 10 i inndelingslova. Departementet ber statsforvaltaren ha dialog med kommunane om gjennomføringa av innbyggjarhøyringa.

Statsforvaltaren må leggje til rette for at Kartverket får uttale seg før saka blir sendt til departementet. Dersom statsforvaltaren tilrår ei grensejustering, skal eit klart og eintydig framlegg til ny kommunegrense ligge ved tilrådinga. Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal dekkjer utgiftene til utgreiinga, jf. inndelingslova § 11.

Departementet ber statsforvaltaren orientere initiativtakarane om vidare prosess i saka.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Lise Wilhelmsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Aukra kommune  
Ålesund kommune